

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus, 16.06.2015, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Sigmund Eiken, Gunnar Dalseth, Ria Haase, Kenneth Vikane, Marit Huus, Sonja Irene Skarde og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Marta Bergstø

Sak 1, Godkjenning av sakliste og referat frå møte 19.05.15, ingen merknader.

Sak 2, Program Herandshelga 3.–5. juli.

Styret diskuterte program til opninga på Kulturhuset. Det meste er i orden, men litt vanskelig å få folk som kan stille i juli.

Sak 3, Framdrift nytt kjøkken på Herand Kulturhus.

Golv er senka, reisverk til delevegg er kome opp og vegg i siderom (vaskesentral) er rive. Ny oppvaskemaskin er kjøpt og montert mellombels i det gamle kjøkenet. Det vert dognad måndagar og tysdagar ut juni. Noko røyrleggarar og elektrikar arbeide vil bli gjort i juni. Deretter vert det pause fram til hausten.

Sak 4, Innkjøp av betalingsterminal.

Skal bygdelaget kjøpe inn ein betalingsterminal til bruk under tilskipingar/sal? Styret diskuterte saken, og kom til av den vert utsett til hausten.

Sak 5, Vegnamn i Herand.

Jondal Kommune har sendt ut forslag til nye vegnamn i kommunen til høyring. Styret gjekk igjennom namneforslaga i Herand og har ingen merknader.

Sak 6, Eventuelt

- Aud Berit Vikane er ny reinhaldar på Herand Kulturhus.
- Herand Bygdelag kjøper inn hundebæsjposar til å henge ved båthavna/badestronde.
- Herand Bygdeblad; det er falt ut nokre abonnentar – ta kontakt med bladstyret om ein ikkje har fått blad.
- Bygdelaget må lage eit system for utleige av kanoane.
- Hjartestartar: styret sjekkar med legekantoret ang oppstart av hjartestartaren og ynskjer å halde eit kurs/demo til hausten.

Referent: Kaia Gulbrandsen

